



Pål Villanger  
Moldekleiv 69  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19149 - 21/958

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
06.01.2021

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 327/4

**Tiltak:** søknad om flytte avkøyrsløse  
**Byggjestad:** Gbnr: 327/4 Moldekleiv  
**Tiltakshavar:**  
**Ansvarleg søkjar:** Pål Villanger

Delegertsak nr.: 022/21

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg i samband med flytting av eksisterende avkøyrsløse som ikkje er lovleg etter dagens standard, datert 16.12.2020.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Det er søkt om avkøyringsløyve i samband med ynskje om å flytte dagens avkøyrsløse til ein landbruksveg nytta for tilkomst til hytte. Den nye avkøyrsløsa medfører etablering av ny veg parallellt med kommunevegen Moldekleiv.

#### Vurdering/drøfting:

Representantar frå vegforvaltning i Alver kommune har vore på synfaring for å sjå på dagens forhold og kor den nye avkøyrsløsa er tenkt etablert. Ei ny avkøyrsløse slik situasjonsplan syner vil gj betre siktforhold og svingradius mot den kommunale veggen.

Det vart diskutert på staden at det må etablerast grøft mellom kommuneveg og ny tilkostveg for drenering og snøopplag. Dette er vist på skisse og situasjonsplan. Det vart og avtalt at det ikkje må gjerast endringar langs dagens avkøyrsløse som ødelegg fungerande drenering mot terreng. Dagens avkøyrsløse har ein bakkemur i sving som bør liggje slik den ligg for å unngå problem med tetting av eksisterande drenggrøft. Det skal etablerast drenering under den nye avkøyrsløsa.

Det er viktig at fjellskjering vert sikra etter sprenging i terrenget rundt avkøyrsløsa. Sikring av den nye skjæringa i fjellet bak avkøyrsløsa vil vere grunneigar/tiltakshavar sitt ansvar.

### Samandrag/konklusjon:

Vegavdelinga er positiv til at avkjørsle vert flytta og vil gi løyve til avkøyring til kommunal veg som vist på situasjonsplan.

Ynskjer å gjere søkjar merksom på at det er skilt frå ein eigedom med gbnr 327/130 som vert liggjande tett inn på den nye vegen. Denne eigedomsgrensa kan kome i konflikt med breidda på den nye vegen og det er anbefalt at søkjar sjekker opp i dette før tiltaket vert godkjent.

### **Vedtak:**

Alver kommune gjev løyve til søknad om ppretting av ny avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Avkjørsle skal etablerast som vist på vedlagt situasjonskart og dagens avkjørsle skal stengast permanent når den nye vegen er etablert.
- Løyvet er gjeldande dersom byggesak godkjenner etablering av ny veg langs den kommunale vegen.

Vil gjere merksom på at søknaden berre gjeld avkøyingsløyve til kommunal veg, ikkje etablering av sjølvne tiltaket. Det må søkjast om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg veg i samband med søknad om løyve til å byggje sjølvne vegen dersom tiltaket vert godkjent.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Pål Villanger

Moldekleiv 69 5919

FREKHAUG